
Fra: Torbjørn Bergwitz Lauen <torbjorn@ungdomslag.no>
Sendt: mandag 11. mars 2019 15:31
Til: Torbjørn Bergwitz Lauen
Emne: Eigedomsskatt og organisasjonseigde hus

Gode kommune!

Denne eposten går til alle kommunar som er registrert med eigedomsskatt i 2018.

Noregs Ungdomslag er ein landsdekkande organisasjon, og lokallaga våre eig mellom 250 og 300 ungdomshus rundt om i landet.

På vegne av våre eigne lag, og andre organisasjonar med tilsvarande hus, prøver me å finne ut korleis eigedomsskatt på hus og eigedom eigd av frivillige lag og organisasjonar blir praktisert i ulike delar av landet. I følgje eigedomsskattelova §7 er det høve til å fritta frivillige lag og organisasjonar for eigedomsskatt.

Spørsmåla våre er ganske enkle:

- Er hus og eigedom eigd av frivillige lag og organisasjonar i dykkar kommune fritatt frå eigedomsskatt?
- Viss svaret er ja: Er det gjort eit prinsippvedtak, eller blir det bestemt for eitt år om gangen?

Om dykkar kommune ikkje gir frivillige lag og organisasjonar fritak frå eigedomsskatt vil me gjerne òg høyre kvifor.

Beste helsing,
Torbjørn Bergwitz Lauen
Styremedlem i Noregs Ungdomslag

P.S.
De kan få svare på den målforma de sjølv ønskjer.